

STANDARDVEDTEKTER AV

NÆRINGSFONDET I LOM KOMMUNE

Vedtatt i kommunestyret pr. 22.06.2017

Godkjent av Fylkesmannen i Oppland 07.07.2017

§ 1 HEIMEL, KAPITAL OG AVKASTNING

Næringsfondet er sett saman av årlege konsesjonsavgifter frå reguleringar av Tessevatna, Raudalsvatn-Breidalsvatn, Veo til Tesse, Aursjøen, Fortun-Grandfasta og Smådøla. I tillegg kjem renter frå inneståande kapital.

Næringsfondet skal nyttast i samsvar med vedtektene.

Innbetalt i konsesjonsavgifter pr. år er omkring fire millionar.

§ 2 FØREMÅL

Næringsfondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsføremål, t.d. bedriftstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling og ulike type utviklingsarbeid.

Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmidlar.

Reglane skal vere rettleiande for søkjarar til næringsfondet, politikarar og administrasjon når det gjeld å vurdere kor sannsynleg det vil vere at eit konkret prosjekt kan få økonomisk støtte gjennom det kommunale næringsfondet.

Kommunal næringsfond i Lom kommune skal bidra til:

- Positiv befolkningsutvikling
- Å sikre dei arbeidsplassane vi har og leggje til rette for nyetableringar i næringslivet
- Å legge til rette for nyskaping i næringslivet, med fokus på miljø- og klimavennlege tiltak

Kommunale planer, årsbudsjet og «retningslinjer for bruk av næringsfondet i Lom kommune» skal vere retningsgjevande for bruken av fondet.

§3 STØTTEFORMER

Fondet kan gje støtte i form av tilskot.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det blir teikna kommunale aksjar, kan ikkje desse utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i bedrifta.

Avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg m.m. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

Fondsmidlane bør ikkje nyttast til å dekkje løpande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondets føremål. Unntatt er lønning av næringsjef eller liknande for å forvalte fondet.

Det kan heller ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekkje avdrag og renter på lån, løpande drift eller sanering av gjeld.

§4 FORHOLD TIL INTERNASJONALE FORPLIKTINGAR PÅ STATSSTØTTEOMRÅDET

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverka Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet.

§ 5 FORVALTNING

Løyvingar blir forvalta i tråd med Lom kommune sitt delegasjonsreglement.

Ikkje nytta løyvingar kan etter tre år frå utløp av det kalenderåret som løyvinga er gjeve, først attende. Fristen på tre år for bruk av løyvingar kan forlengast ved særlege grunnar.

§6 ÅRSMELDING OG RAPPORTERINGSPLIKT

Det skal leggjast fram ei melding om fondets verksemd for kommunestyret kvart år. Gjenpart av denne meldinga skal sendast fylkesmannen og fylkeskommunen.

§7 GODKJENNING AV VEDTEKTER

Vedtektene kan endrast etter vedtak frå kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av godkjente vedtekter sendast fylkeskommunen.